


Smittesaneringsprosjektet   
**FRISKERE GEITER**  
**Saneringsnytt 3 – 2003**

I denne utgåva av saneringsnytt vil vi informere litt om geitedagane i Vinje, vi har med litt om dei nye plakatane vi har fått laga og til slutt må eg endå ein gong minne om at det er gode grunnar for dei strenge reglane vi har for saneringsarbeidet.

### **Samling på Rauland Høgfjellshotell for prosjektdeltakarar**

Det blir altså samling for prosjektdeltakarar i samband med geitedagane i Vinje, 29. – 31. august 2003. Geitedagane tek offisielt til fredag kveld, men vi har sett opp eit lite program for dykk fredag på dagen. Det er då meininga at de sjølve skal koma mest mogeleg til orde og dela erfaringar og synspunkt. Vi har fått innleiarar til ein del emne. Men det skal vera svært fleksibelt, slik at alle spørsmål blir svara på så godt som råd er.

I tillegg ser vi at det å koma saman og bli kjent med kvarandre, betyr mykje. Vi har også sjølvsagt den baktanken med det at når så mange kjem saman som driv med smittesanering, så blir dei andre som er med på geitedagane endå meir interesserte.

Programmet ser slik ut fredag 29. august:

<b>Tidspunkt</b>	<b>Emne</b>	<b>Navn</b>
Kl. 11.00	Velkomst og presentasjonsrunde	Nils Leine
Kl. 11.15	Erfaringar frå sanering med snapping	Sturla Ryum, Gudmedalen samdrift, Flåm
Kl. 11.45	Erfaringar frå sanering med slakt av positive dyr	Haldis Sellevold eller Ola Dyrstad, Nordreisa
Kl. 12.15	<b>Kaffipause</b>	
Kl. 12.30	Erfaringar frå veterinær tilknytt prosjektet	Kåre Rudningen, Lærdal
Kl. 13.00	Diskusjon	
Kl. 13.30	<b>Lunsj</b>	
Kl. 14.30	Status i prosjektet	Nils Leine
Kl. 15.00	Utfordringar nå og framover	Ove Kringlegarden, Vinjesvingen
Kl. 15.30	<b>Kaffepause</b>	
Kl. 15.45	Planlegging av "Friskere geiter" del 2 - økonomi og samarbeid	Tor Lunder
Kl. 16.15	Diskusjon og oppsummering	
Kl. 16.45	Slutt	
Kl. 19.30	Opning av geitedagane	
	<b>Middag</b>	

Vi har vedteke i prosjektgruppa at prosjektet dekker reise og opphald for ein person. Det går også an å søkje om BU-midlar fylkesvis, men då må vi ha namna på deltakarane. Då kan det bli mogeleg å få inn midlar slik at kanskje to frå same gard kan få tilskot til å reise.

Det dyraste og mest tidkrevande reisa får de som kjem frå Nord Noreg. Då blir det aktuelt med fly til Oslo og bil eller buss derifrå. Det er stor skilnad på flyprisar for tida. Det flyselskapet som er billegast har to avgangar frå og til Tromsø dagleg. Men vi må også få dette til å passe med buss frå Oslo til Telemark. Vi vil gjerne få samla dyk så mykje som råd er, slik at vi kan sjå om det let seg gjera å få til felles skyss frå Gardermoen for eksempel. Det kan vera aktuelt at de som kjem frå Austlandet, også kjem til Oslo eller Gardermoen, og får fylgje med dei som kjem frå Nord Noreg derifrå.

Det er altså fleire grunnar til at vi vil ha påmelding så snøgt råd er. Då har vi tid til å få organisert det slik at det blir ein mest mogeleg behageleg tur for dykk. Sei også frå når de vil reise tilbake.

**Vi må ha påmeldingane innan 25.juni.**

Alle i prosjektgruppa kan ta mot påmelding.

Alle påmeldingane kjem til slutt hit:

**Tlf 61367240/97595460 eller send E-post**

## Smittevern og plakatar



Faren for smitte er sjølvsagt ikkje over etter at sjølve saneringa er slutt. Vi har snakka og skrive mykje om dette. No har vi endeleg fått laga skikkelege plakatar til å hengje opp på forskjellige stader. Det kan vera der vi er redd for at folk kan koma uventa inn, det kan vera på dører som vi ikkje kan låse, men som vi ikkje vil ha trafikk gjennom. Sjølvsagt må vi ha det på hovuddøra til fjøset. No om sommaren kan det også vera aktuelt å ha plakatar nær beite der vi veit det er mykje trafikk. Plakatane skal også vera til hjelp for oss som er litt oftare i fjøset. Vi skal minne oss sjølve på at vi må

passse oss og ta på oss reine klær og bruke reint utstyr når vi er i kontakt med dei friske dyra. Dei er laga i PVC og skal tåle ein del ver og vind.

Dei kan bestillast gjennom meg eller gjennom nokon i prosjektgruppa, og vi vil ha eit lager på Ås og i Tromsø.

Vi må ta litt betaling for dei.

Prisen blir **150 kroner** for 4 plakatar inkludert frakt og moms.

### For strenge rutinar ved sanering?

Endå ein gong må eg minne om kor viktig det er å vera nøyaktig. Det kjem stadig spørsmål om det ikkje går an å gjera det litt enklare enn det vi har tilrådd og sett som krav. Vi veit at det går an å gjera dette på fleire praktiske måtar. Men det som er felles for all sanering av smitte, er at ein må sikra seg at dei sjuke dyra eller det infiserte utstyret ikkje får koma i kontakt med dei friske dyra. I enkelte fjøs er det slik orden og slikt reinhald at det kan la seg gjera å gjennomføre ei sanering utan å flytte kje ut frå fjøset. Men det krev at det ikkje er andre enn dei røktarane som til dagleg er i fjøset som kan vera der. Med ein gong ein ekstra person kjem inn, er risikoen for å smitte dei friske dyra svært stor. Vi som skal styra dette arbeidet kan ikkje ta ein slik risiko, vi må gardere oss mest mogeleg. Difor kan vi virke noko firkanta iblant, men vi ser også at dei som fylgjer dei tilrådingane vi kjem med, har gode resultat å vise til. Dette er viktig å ta med seg i det vidare arbeidet både i desse fyrste 23 buskapane, men også i alle dei andre som kjem etterpå. Det må bli akseptert at i ein saneringssituasjon må det til heilt ekstraordinære strenge tiltak. Men så må vi prøve å få denne perioden til å bli så kort som råd er, slik at vi kan koma tilbake til eit meir normalt liv att. Og det blir i mange tilfelle eit mykje trivelegare liv.

Dette kjem vi heilt sikkert tilbake til på Rauland, og vi må snakke om det med alle som er interesserte i sanering.

Eg ser fram til å få påmeldingar til møtet i august, og etter kvart vil vi koma tilbake med meir informasjon.

Vang, den 11. juni 2003

Nils Leine